

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 85/2005

av 10. juni 2005

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 69/2005 av 29. april 2005⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EF, Euratom) nr. 116/2005 av 26. januar 2005 om handsaminga av meirverdiavgift som vert tilbakebetalt til ikkje-avgiftspliktige og til avgiftspliktige for verksemd som er fritaken for avgiftsplikt, for føremåla med rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 om harmonisering av bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XXI etter nr. 19q (rådsforordning (EF) nr. 1222/2004) i avtala skal nytt nr. 19r lyde:

”19r. **32005 R 0116:** Kommisjonsforordning (EF, Euratom) nr. 116/2005 av 26. januar 2005 om handsaminga av meirverdiavgift som vert tilbakebetalt til ikkje-avgiftspliktige og til avgiftspliktige for verksemd som er fritaken for avgiftsplikt, for føremåla med rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1287/2003 om harmonisering av bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar (EUT L 24 av 27.1.2005, s. 6).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpasning:

⁽¹⁾ TEU L 239 av 15.9.2005, s. 59, og EØS-tillegget til TEU nr. 46 av 15.9.2005, s. 36.

⁽²⁾ TEU L 24 av 27.1.2005, s. 6.

Denne forordning får ikke anvendelse for Liechtenstein.”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF, Euratom) nr. 116/2005 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. juni 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 10. juni 2005.

*For EØS-komiteen
Formann*

R. Wright

Sekretærar for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn

M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.